

Til alle påmeldte på leiarkurs for ungdom

17. oktober 2023

Velkommen til Leiarkurs for ungdom, del 1, 10. - 12. november 2023

Dette er kurset for deg som har lyst til å bidra i eige idrettslag, treffe andre ungdom på tvers av idrettane, lære meir, ha det gøy og sosialt, samt bygge nettverk!

Per 17.10.23 er kurset fullteikna med 20 påmeldte deltakarar.

Målet med kurset:

Målet for «Leiarkurs for ungdom 15–19 år» er å førebu deltakarane på leiarverv/-oppgåver i ulike delar av idrettslagsarbeidet i norsk idrett.

Her vil du få kunnskap om kva det vil seie å vere ein frivillig ressurs i idretten, og ikkje minst bli motivert til å ønske og tørre å ta ansvar i eige idrettslag. Det er viktig at deltakar er førebudd på at kursets første del er ei helg med tett program, og at det er retta mot leiарoppgåver og ikkje er eit trenarkurs.

Nedanfor fyl praktisk informasjon om helga. Tentativt rammeprogram er vedlagt (det er også lagt ut på våre nettsider, der vi har informasjon om kurset:

<https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/vestland/kurs/leiarkurs-for-ungdom/>

Stadfesting:

For å stadfeste mottatt info og godta reglane (sjå under "viktig informasjon") for kursopphaldet, må deltakar/idrettslaget sende ein e-post til bodil.ryste@idrettsforbundet.no innan **mandag 30. oktober 2023** saman med samtykkeerklæring/pårørandeinfo (sjå eigne vedlegg).

Er du/deltakar under 18 år?

Sjå vedlagte brev med svarslipp med samtykkeerklæring, som du må vise til dine føresette. Det er viktig at dine føresette stadfestar til oss at det er greitt at du deltek på kurset, slik at signert svarslipp må returnerast til oss.

Viktig informasjon

Oppmøtetid:

Fredag 10. november. Registrering/oppmøte frå kl. **18.00**. Kursstart kl. **19.00**.

Stad:

Quality Hotel Grieg, Bergen. [På denne linken finn du informasjon om kvar hotellet ligg og korleis ein best kjem seg dit. Her er hotellet merka av i kart.](#)

Avslutning:

Kurset vert avslutta **søndag 12. november, kl. 14.30**.

Klokkeslett er oppgitt med forbehold om mindre endringar. Evt. endring blir i tilfelle opplyst i god tid før kurset. Dersom nokon får utfordringar med tidspunkta pga reise, må de ta kontakt.

Reise:

Den einskilde ordnar med reise/transport til og frå kurset sjølv.

Overnatting

Opphaldet inkluderer to overnattingar. Deltakarane vert plassert i dobbelt- eller trippeltrom. Vi prøver så langt det går å legge til rette for at ein deler rom med person frå same idrettslag eller kjente frå før, men det er mogleg du må dele rom med deltakar frå anna idrettslag (jenter og gutar kvar for seg). Vi har notert nokon ynskje for romdeling via påmeldingsskjemaet, men det kan også meldast inn saman med svarslippen/samtykkeskjema.

Måltid

Det vert servert eit enkelt måltid (baguett eller liknande) ved ankomst fredag, deretter middag fredag kveld, frukost, lunsj, middag og pausemat laurdag, og frukost og lunsj på søndag. Dersom nokon ikkje meldte frå om allergiar i påmeldingsskjemaet, kan det også takast med på svarslippen.

Arbeidsformer under kurset

Aktivitet og involvering, arbeid individuelt, i grupper og i fellesskap. Dette er ikkje et kurs der ein berre sit stille og lyttar.

Alkohol

Det er **ikkje** tillatt å nyte alkohol eller andre rusmidlar under samlinga. Det er viktig at alle respekterer dette. Brot på denne regelen vil medføre umiddelbar heimsending på eiga rekning.

Forsikring

Vi forutset at kvar einskild deltakar har forsikring som dekkar ulukke og reise.

Kle/utstyr

Kurset vil i hovudsak foregå innandørs. Det held derfor å ha med vanlege kle som ein brukar til kvardags. Handkle og sengetøy får ein på hotellet. Det vert ikkje lagt opp til trening under

kurset, men det vert lagt til rette for litt fritid. Rammeprogram for helga er lagt ut på våre nettsider. Ta med evt skrivesaker og gjerne eigen pc.

Fråvær og deltakaravgift

Påmeldinga er bindande og kurset forutset 100 % deltaking gjennom heile helga. Når det gjeld pris og deltakaravgift er det lagt opp til at deltakaren sitt idrettslag betalar kursavgifta.

Del 2 av kurset

Del 2 vert gjennomført [digitalt 27. januar 2024](#). For å få kurset godkjent må ein delta på både del 1 og del 2. På del 2 skal deltakaren presentere arbeidet med handlingsplanen og det som deltakaren har jobba med mellom del 1 og del 2. Heile kurset er bestått etter deltaking på oppfølgingsamlinga, og alle vil få eit detaljert kursbevis etter endt kurs.

Ved spørsmål kan de kontakte:

Vestland idrettskrets ved Bodil Ryste, epost: bodil.ryste@idrettsforbundet.no, tlf. 97518349. Bodil er ansvarleg for all tilrettelegging rundt kursgjennomføringa, men er ikkje til stades på kurset.

Sjølve kurset vert leia og gjennomført av kurslærarar frå Vestland idrettskrets:

- Kristiane Utheim Brown
- Eline Marie Nordhus Soltvedt

I tillegg vil det vere ein ekstra kursvert til stades på kurset for å hjelpe med praktiske oppgåver.

Med helsing

Bodil Ryste
Vestland idrettskrets

NORGES
IDRETTSFORBUND
Vestland idrettskrets

